

Samandrag av Knut Hamres kunstnarlege verksemd sidan 1960-talet og fram til 2016.

Knut Hamre er ålmənt sett på som ikkje mindre enn ein av dei fremste folkemusikkarane i norsk musikkhistorie.

Han er oppvaksen i Granvin herad og har vigt heile sitt liv til folkemusikktradisjonen frå Hardanger, som spelemann og lærermester. Denne musikkarven tileigna han seg på tradisjonelt vis, gjennom å læra av dei på den tid beste spelemenn i Hardanger, og han har sidan, i femti år, delt arven generøst vidare til mange born og unge, og til eit stort publikum i inn- og utland.

I dag er han utan tvil den fremste kjennar av Hardanger-tradisjonen i folkemusikken, og den einaste som i dag kjenner til heile tradisjonen med det enorme repertoaret sitt på 500-600 slåttar.

Knut Hamre har delteke på mange landskappleikar, og sidan 1960-talet har han sjeldan vore anna enn mellom dei tre beste på kappleikar, og han har vunne landskappleiken i A-klassen for hardingfele heile sju gonger.

Hamre har halde tallause konserter i Noreg og i mange andre land sidan 1970-talet. Han har gjeve ut ei rekke CD-ar, motteke mange prisar og samarbeidd med mange ulike kunstnarar på tvers av musikalske sjangrar.

I tillegg til å vera ein av våre fremste kunstnarar, har han i alle år hatt ein enorm arbeidskapasitet og vigt meir enn dei fleste av si tid til opplæring av unge felespelarar. Det er takk vere Knut Hamre at det har kome til så mange unge folkemusikkarar i Hardanger dei siste tiåra. Mange av elevane hans er sedde på som å vera mellom dei fremste folkemusikkarar i dagsens Noreg.

Knut Hamre er ein sjeldan kunstnar som ikkje berre tek vare på tradisjonen på framifrå vis, men samstundes ein som gjennom kunstnarleg fridom, varme og dām tilfører tradisjonen kvalitetar som gjer at den kommuniserer på tvers av musikalske sjangrar, språk og land. Han klarer såleis å gjera det lokale universelt. Dette gjer Knut Hamre til ein tradisjonsberar av beste slag – ein felepoet som nøyamt tek vare på det gamle og samstundes legg til sitt eige personlege uttrykk og slik yter sitt til at musikken vert til levande tradisjon.

Knut Hamre har sidan 1980 vore solist og medverka i ei rekke utgjevingar:

- *Nøringen* (LP), Leif Rygg og Knut Hamre, Heilo/Grappa Musikkforlag AS, 1980
- *Slik spelar Knut* (MC), solo, Spelarhaugen, 1984
- *Norwegian folk songs and peasant dances from op. 66 og Op. 72*, Geir Botnen, Reidun Horvei og Knut Hamre, Simax, 1993
- *Fargespel*, solo, Heilo/Grappa, 1994, (nominert til *Spelemannsprisen*)
- *Toneflaum*, Hallvard T. Bjørgum, Bjarne Herrefoss, Knut Hamre, SYLVCD, 1998 (vinnar av *Spelemannsprisen*)
- *Å*, Knut Hamre, Steve Tibbetts, Marc Anderson og Turid Spildo, Hannibal Records, 1999
- *Håstabøslåttar*, Knut Hamre, Åse Teigland, Frank Rolland, Heilo/Grappa, 1999 (nominert til *Spelemannsprisen*)
- *I Halldors ånd*, Trio Hardanger, 2L, 2003
- *Rosa i botnen*, Knut Hamre, Benedicte Maurseth, Nils Økland, Sigbjørn Apeland og Håkon Stene, Heilo/Grappa, 2006
- *Ferd*, solo Knut Hamre, Heilo /Grappa, 2010
- *Eg ser deg*, Knut Hamre, Turid Spildo og Johannes Martens, Ta:lik, 2011
- *Anima*, Knut Hamre, Benedicte Maurseth, Nils Økland, Philippe Pierlot og Elisabeth Seitz, Heilo/Grappa, 2012 (nominert til *Folkelarmprisen* i Open klasse)
- *Spelarhola*, Knut Hamre, Åse Teigland, Alexander Røystrand, Ta:lik, 2013
(Vann *Folkelarmprisen* for beste dokumentasjonsplate)

Utgjevingar der Knut Hamre har bidræge med har alltid og utan unntak, motteke strålande kritikkar og tilbakemeldingar frå norsk og utanlandske presse. Fleire av utgjevingane har blitt nominert eller vunne viktige anerkjennande prisar som *Folkelarmprisen* og *Spelemannsprisen*.

Knut Hamre har også medverka i ei mengd radio- og TV-opptak sidan 1970-talet. Til dømes gjorde NRK i 2015 eit eige portrettprogram med Knut Hamre med tittelen *Felefrelst.*

I 2014 kom også samtaleboka *Å vera ingenting. Samtalar med Spelemannen Knut Hamre*, ut på Det Norske Samlaget.

Boka er skiven av hans mangeårige elev Benedicte Maurseth, og gjennom fagelege samtalar mellom meister og elev, vert Hamre si verksemad som kunstnar og læremesiter dokumentert.

Boka vart av Dagbladet kåra til ein av «Årets beste bøker» i 2014.

Prisar tildelt Knut Hamre opp gjennom åra:

- Kongepokal, 1981
- Myllargutprisen, 1986
- Sparebankenes Initiativpris, 1988
- Sagaprisen, 1992
- Edvard Grieg-prisen, 1993
- Spelemannsprisen, for *Toneflaum*, 1998
- Hilmar Alexandersens minnepris, 1993
- Statens treårige arbeidsstipend, 1993–1996
- Anders Kjerlands minnepris, 2000
- Heidersmedlem i Hardanger Spelemannslag, 2000
- Heidersmedlem i Landslaget for Spelemenn, 2004
- Folkelarmprisen for utgjevinga *Spelarhola*, 2014

Landskappleiksigrar i A klassa:

- 1974, Oppdal
- 1978, Fagernes
- 1981, Oslo
- 1984, Odda
- 1985, Otta
- 1987, Sogndal
- 2000, Voss